Kommunestyret sluttar seg til hovudinnhald i Ruteplan Vest og vedtek å senda følgjande høyringssvar:

1. Kommunestyret støttar under foreslått linjestruktur i Ruteplan Vest steg 1 og steg 2, og meiner planen har gode løysningar for både hovudlinjene og lokallinjene som støttar under lokale planer om sentrumsutvikling og utbyggingsprosjekt.

2. Kommunestyret meiner at Ruteplan Vest vil auke konkurransedyktigheita og fleksibiliteten til kollektivtilbodet i kommunen, særleg i områda i Hjelteryggen, Brattholmen og Straume.

3. Kommunestyret stiller seg positivt til innretting av ei ny lokallinje 443 som tek i bruk Arenavegen og vil oppmode Skyss til å prioritere dette tiltak.

4. Kommunestyret ber Skyss om ein utgreiing av kva effekt auka køyring av Kolltveittunnelen av linje 460 vil ha med tanke på frekvens og dekningsgrad langs denne hovudlinja.

5. Kommunestyret oppfordrar Skyss til å vurdere takting av lokallinjene på Vestsidevegen i Skålevik for å oppnå eit meir samanhengande rutetilbod langs denne aksen.